



Sak nr 44/2008

Møtedato: 17.9.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S749

S 749, Skruvla – søknad om tilbygg på løe

Odd Kristian Før søker om å få føre opp eit tilbygg på 2,5 x 4 m på løa. Stølen og bruket heime blir leigd bort samla. Stølen blir brukt til beite og løa skal fungere som skjul for beitedyra.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 11.9.09 gjeve utale med slik konklusjon:

En gjenoppbygging av skuten vil antagelig virke positivt på måten bygningen framstår i landskapet på. Under forutsetning av at selve løa ikke omfattes av tiltaket, at denne får beholde det meget enkle uttrykket den har, at nybygget følger opp dette og at den tekniske situasjonen for løa ikke forverres, er vi positive til en gjenoppbygging skuten.

Taket på skuten tekkes med bølgeblikk. Trevirket skal være ubehandlet, en lar huset oppnå rette fargen gjennom en naturlig prosess. En anbefaler ikke beising med jernvitrol.

Statskog har ingen merknader til søknaden.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Vedtaket er gjort med vilkår om at bygget må førast opp i samsvar med merknader frå Oppland fylkeskommune.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.9.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Odd Kristian Før

Statskog v/Raymond Solberg, Serviceboks 1016, Namsos
Oppland fylkeskommune, avd. for kulturvern, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Vestre Slidre kommune, 2966 Slidre